

## Fylkesmannen i Hordaland

### Vil du arbeide med samfunnstryggleik og beredskap?

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga har ledig fast stilling som rådgjevar i plan- og beredskapsseksjonen. Rådgjevaren skal arbeide varierte og spennande oppgåver i nær kontakt med mellom anna kommunar, forsvaret og regionale statlege etatar.

Stillinga er ei av tre stillingar som har samfunnstryggleik og beredskap som hovudarbeidsfelt. Desse tre har eit nært samarbeid med fylkesberedskapssjef som er organisert i stab direkte under embetsleiinga.

Fylkesmannen skal samordne og føre tilsyn med alt sivilt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i fylket. Den sivile beredskapen skal sikra samfunnet si evne til å føre vidare viktige funksjonar og oppgåver under ekstraordinære situasjonar både i fred og krig. Fylkesmannen legg difor stor vekt på førebuingar og planar for å kunne møte kriser, katastrofar og større ulukker i fredstid. Bistand til kommunane står sentralt i Fylkesmannen sitt beredskapsarbeid, gjennom rettleiing, kurs, øvingar, tilsyn og oppfølging av beredskap i planarbeidet.

Den som vert tilsett, får varierte arbeidsoppgåver og nær kontakt med kommunar, regionale statlege etatar, Forsvaret og andre med tryggleiks- og beredskapsoppgåver. Rådgjevaren skal mellom anna arbeide med ROS-analysar, planarbeid, tilsyn og synfaringar i kommunane og planleggje øvingar. Oppgåvene kan dels verte tilpassa kompetansen og interessene til den som vert tilsett.

#### Kvalifikasjonar

Vi krev høgare utdanning, gjerne med studiar innan planarbeid, samfunnstryggleik, tryggleiks- og risikoanalyse, HMS og/eller liknande i fagkretsen. Praktisk røynsle frå beredskapsarbeid, IKT-kompetanse og kjennskap til offentlig forvaltning er ein føremon. Søkjarar som ikkje har risikofagleg kompetanse må forplikte seg til å ta slik utdanning etter nærare avtale. Søkjarar må vise god skriftleg og munnleg formuleringsevne.

#### Vi tilbyr

- utfordrande arbeidsoppgåver på eit viktig samfunnsområde
- ein arbeidsplass i utvikling
- eit kompetent fagmiljø
- godt arbeidsmiljø
- bedriftsidrettslag
- kontor sentralt i Bergen
- medlemskap i Statens pensjonskasse med høve til bustadlån

Den som vert tilsett må kunne tryggleiksklarerast.

#### Generelle vilkår

Stillinga vert løna i st. kode 1434 – rådgjevar, lønnssteg 48 - 56, (kr 391.300 – 448.300) avhengig av kompetanse og praksis. For særskild godt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare løn og stillingsplassering. Frå løna vert det trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse. Prøvetida er på 6 månader.

Fylkesmannen følgjer avtale om fleksibel arbeidstid i staten og andre statlege tilsetjingsvilkår. Tenestemålet er nynorsk.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad samsvare med mangfaldet i befolkninga. Vi har difor som personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til fylkesberedskapssjef Arve Meidell, tlf. 55 57 21 10 / 488 99 611 eller seksjonsleiar Berit Karin Rystad, tlf. 55 57 23 69 / 906 19 328.

Du søker stillinga ved å nytte elektroniske søknadsskjema som du finn på [www.fmho.no/utlysing](http://www.fmho.no/utlysing)

Alle søkjarar må sende med vitnemål og attestar, enten gjennom vårt elektroniske søknadsskjema (skanna dokument) eller per post. Send gjerne også med din eigen CV. Dersom du har heile eller delar av utdanninga di frå utlandet må du leggje ved NOKUT-godkjenning og godkjende omsetjingar av vitnemål og attestar.

**Søknadsfrist: 13. februar 2012**